

## PRESSEMELDING

### RESULTAT FOR ALSAKER KONSERN I 2019

**Alsaker-konsernet, som er konsernselskapet til Alsaker Fjordbruk, fekk eit resultat før skatt på kroner 679 millionar i 2019. Med ein omsetnad på kr 2.004 millionar gir dette ein resultatmargin på 33,9 %.**

Alsaker er eit vertikalintegreert oppdrettskonsern med produksjon av laks. Konsernet dreiv i 2019 4 smoltanlegg, 23 matfiskkonsesjonar, eit slakteri og eit havbrukssenter.

Produksjonen i konsernet skjer i 14 kommunar: Alver (Meland), Bjørnafjorden (Fusa), Bømlo, Etne, Kvam, Kvinnherad, Sveio og Tysnes i Hordaland, samt Haugesund (Røvær), Stavanger (Rennesøy), Sandnes, Suldal, Tysvær og Vindafjord i Rogaland.

I 2019 produserte konsernet nesten 38.000 tonn laks, mot 33.000 tonn året før.

Produksjonsmessig har 2019 vore eit middels godt år for konsernet, med framgang i fleire deler av produksjonen. Både produksjonsvolumet og slaktevolumet gjekk opp samanlikna med 2018.

Ved utgangen av 2019 var det 240 fast tilsette i Alsaker-konsernet. Konsernet har godt kvalifiserte og motiverte personar i alle ledd i organisasjonen.

<b>Alsaker Konsern</b>		
(Alle tal i mill. NOK)	<b>2019</b>	<b>2018</b>
Sum driftsinntekter	2 003,7	1 657,3
EBITDA	772,7	666,6
Driftsresultat	659,5	561,6
Resultat før skatt	679,2	562,8
Konsernrekneskapan for Alsaker er utarbeidd etter norske rekneskapsreglar (NGAAP)		

Bokført eigenkapital i konsernet var ved utgangen av året kr 1.528 millionar – noko som gir ein eigenkapitalandel på 59 %.

€€€€€

Har De spørsmål, eller ynskje om ytterlegare kommentarar, kan De ta kontakt med adm.dir. Gerhard Meidell Alsaker, telefon 53 43 01 10, eventuelt mobil 90 10 5000.